



## Møtereferat

Dato: 06.03.2015

Emne:	<b>Referat frå møte i sentralt AKAN-utval 13.02.2015</b>		
Til stades:	Helene Systad, arbeidsgivarrepr. Rune Stadsnes, arbeidstakarrepr. Mariann Leganger, arbeidstakarrepr. Jorunn Bakke Johannessen, fylkeshovudverneombod Gro Altenau, bedriftslege, HMT-seksjonen Frode Mannsåker, sekretær		
Forfall:	Bård Sandal, leiar	Sak: 2014/193-16	
Møtetid:	13.02.2015 kl. 13-15	Møtestad: Fylkeshuset, 12. etg. Bårds kontor	

**Møteleiar: Frode Mannsåker**

**Referent: Frode Mannsåker**

Sak nr.		Ansvar	Frist
01/15	<b>Referat frå møtet 5. desember 2014</b> Referatet var sendt på førehand, og vart godkjent.		
02/15	<b>Årsmelding og handlingsplan 2014</b> Utkast til årsmelding og ajourført handlingsplan var sendt ut på førehand. Det framkom ønske om å ta inn punkt om kompetanseheving i saksoversikta, samt å nemne den rettleiinga som utvalsmedlemmene gir når ein vert kontakta. Med desse tilleggga vart årsmelding og handlingsplan godkjent for oversending til HAMU	<b>FM</b>	<b>02.03</b>
03/15	<b>Handlingsplan for 2015</b> Med utgangspunkt i handlingsplanen for 2014 gjekk ein gjennom dei ulike punkta og drøfta kva som er aktuelt for 2015. Frode fekk i oppgave å sende ut eit utkast til godkjenning i etterkant av møte, pr. epost.	<b>FM</b>	<b>02.03</b>
04/15	<b>AKAN-brosjyre – utkast til ny versjon</b> Ei arbeidsgruppe med Gro, Rune og Frode hadde utarbeid eit utkast til ny brosjyre, som var sendt ut på førehand. Ein gjekk gjennom utkastet, og det kom framlegg om nokre mindre korrigeringar. Frode gjer klar utkastet og sørgjer for godkjenning og trykking	<b>FM</b>	
05/15	<b>Revisjon av alkoholreglement for Hordaland fylkeskommune</b> Denne saka ble meldt i eigen e-post 05.02.15, med vedlagt utkast til revidert reglement. Det er mogleg for sentralt AKAN-utval å uttale seg om framlegget før det går til politisk handsaming. Det vart ein frisk diskusjon i utvalet omkring alkoholservering på fylkeskommunale arbeidsplassar, og særleg på skolar. Det vart semje om at		

	<p>pkt. 5 i utkastet bør formulerast meir presist, både når det gjeld kven som har ansvar for eit arrangement og kven som kan vere med.</p> <p>Frode fekk i oppgåve å lage utkast til ein uttale, og sende det til godkjenning pr. e-post. Uttalen bør ta utgangspunkt i retningslinene for AKAN-arbeid og dei målformuleringane som ligg der.</p>	<b>FM</b>	<b>02.03</b>
<b>06/15</b>	<p><b>Eventuelt</b> Ingen saker. Neste møte: ikkje avtalt.</p>		